

KOMMISJONSAVGJERD

2017/EØS/58/38

av 7. desember 2011

om ei rettleiing for samla registrering i EU, tredjestatsregistrering og global registrering i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)*[meld under nummeret K(2011) 8896]*

(2011/832/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽¹⁾, særleg artikkel 3 og artikkel 46 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I forordning (EF) nr. 1221/2009 er det fastsett at organisasjonar som har fleire område i ein eller fleire medlemsstatar eller tredjestatar, kan registrere seg i medhald av EMAS.
- 2) Selskap og andre organisasjonar som har område i ulike medlemsstatar eller tredjestatar, bør få tilleggsopplysningar og rettleiing om korleis dei kan registrere seg i medhald av EMAS.

- 3) Dei tiltaka som er fastsette i den forordninga, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er skipa i medhald av artikkel 49 i forordning (EF) nr. 1221/2009 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Slik det er fastsett i artikkel 46 nr. 4, og for å gje ytterlegare klargjerande opplysningar om artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1221/2009, vedtek Kommisjonen denne rettleiinga om ei samla registrering i EU, tredjestatsregistrering og global registrering i medhald av EMAS.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 7. desember 2011.

For Kommisjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 330 av 14.12.2011, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 172/2013 av 4. oktober 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 13 av 27.2.2014, s. 28.

(¹) TEU L 342 av 22.12.2009, s. 1.

VEDLEGG

Retningslinjer for ei samla registrering i EU, tredjestatsregistrering og global registrering i medhald av EMAS (forordning (EF) nr. 1221/2009)

1. INNLEIING

Føremålet med dette dokumentet er å gje rettleiing om korleis den europeiske ordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) verkar for organisasjonar som omfattar dotterføretak og område i fleire medlemsstatar i EU og/eller i tredjestatar, og å gje særleg rettleiing for medlemsstatar, kontrollørar og organisasjonar som kan nytte ordninga for registreringsføremål. Denne rettleiinga følgjer av artikkel 46 nr. 4 i EMAS-forordninga⁽¹⁾, der det står at «Kommisjonen skal, i samarbeid med forumet av rette organ, utarbeide retningslinjer for registrering av organisasjonar utanfor Fellesskapet», og av artikkel 16 nr. 3, der det står at «Forumet av rette organ skal utarbeide retningslinjer for å sikre einsarta framgangsmåtar for registrering av organisasjonar i samsvar med denne forordninga, medrekna fornying av registrering og mellombels og endeleg stryking av organisasjonar frå registeret, både i og utanfor Fellesskapet».

Då EMAS vart innført i 1993, var ordninga utarbeidd for å omfatte einskilde område innanfor organisasjonar frå industri- og produksjonssektoren. Etter den første revisjonen i 2001 vart EMAS II opna for alle organisasjonar som omfattar fleire område (i ein medlemsstat i EU og i EØS, som før). Med EMAS III er ordninga opna endå meir, og er no tilgjengeleg for organisasjonar både innanfor og utanfor EU.

Ved at EMAS er gjort tilgjengeleg for tredjestatar har organisasjonar frå alle sektorar fått eit verktøy for å oppnå høge nivå for miljøprestasjon som kan sannkjennast offentleg av aktørar i Det europeiske fellesskapet.

Medlemsstatane står fritt til å velje om dei nasjonale rette organa deira skal utføre registrering av organisasjonar i tredjestatar i samsvar med artikkel 11 nr. 1 i EMAS-forordninga.

Registrering

Det innbyrdes tilhøvet mellom registreringa av organisasjonar som omfattar fleire område innanfor EU, og registreringa av organisasjonar utanfor EU, gjer at det i praksis kan oppstå fleire ulike situasjonar. Dette dokumentet inneheld ei allmenn rettleiing for dei tilfella som må kunne handterast av rette styresmakter, miljøkontrollørar og organisasjonar som søkjer om registrering i EMAS. Dei følgjande tre typane situasjonar vert analyserte:

- Situasjon 1: registrering av organisasjonar som omfattar område i fleire enn ein medlemsstat i EU (samla registrering i EU),
- Situasjon 2: registrering av einskilde organisasjonar eller grupper av organisasjonar som omfattar område i tredjestatar (tredjestatsregistrering), og
- Situasjon 3: registrering av organisasjonar som omfattar område i både medlemsstatar i EU og tredjestatar (global registrering).

Alle dei tre framgangsmåtane gjer det mogleg for organisasjonane å søkje om ei felles, samla registrering av alle eller nokre av desse områda. Organisasjonen som søkjer, kan sjølv velje kva område som skal omfattast av registreringa.

Merk:

Enkle tilfelle med nasjonal samla registrering i EU er ikkje omfatta av denne rettleiinga.

Denne rettleiinga omfattar spørsmål som t.d.

- fastsetjing av det rette organet,
- akkreditering eller lisensutferding til miljøkontrollørar som driv verksemda si utanfor EU,
- samordning av desse framgangsmåtane medlemsstatane imellom,
- etterleving av regelverket i tredjestatar,
- fornying, endeleg stryking og mellombels stryking frå dei samla registreringane.

⁽¹⁾ Forordning (EF) nr. 1221/2009.

Krava i dei tre situasjonane er ofte nokså like, men krysslisvingar mellom kapitla er nytta i minst mogleg grad, slik at teksta vert lettare å lese. Difor kan det hende at same tekst står fleire gonger.

Av omsyn til truverdet til EMAS er det viktig at forordninga vert nytta på same måte både innanfor og utanfor EU. Difor må det takast omsyn til ulikskapar og vanskar ved gjennomføringa av visse særlege delar av EMAS, t.d. etterleving av regelverket. Dei rette organa i medlemsstatane som tillèt tredjestatsregistrering, skal vedta særlege framgangsmåtar for å sikre at EMAS fører til likeverdige ordningar både innanfor og utanfor EU. Dei historiske, økonomiske og kulturelle tilhøva mellom medlemsstatane i EU og tredjestatar kan vere ei drivkraft i gjennomføringa av EMAS i tredjestatar og på verdsbasis, og kan nyttast som ein metode for å fremje utbreiinga av EMAS over heile verda.

2. TERMINOLOGI

I dette rettleiingsdokumentet vert følgjande terminologi nytta:

Hovudkontor tyder ei styringseining i leiinga av ein organisasjon som omfattar fleire område, som styrer og samordnar hovudverksemda til organisasjonen, t.d. strategiplanlegging, kommunikasjon, skattar og avgifter, juridiske spørsmål, marknadsføring, finans osv.

Forvaltningssenter tyder eit anna område enn hovudkontoret til ein organisasjon som omfattar fleire område, og som er særleg utforma med tanke på registrering i medhald av EMAS-forordninga, der styring og samordning av miljøstyringsordninga vert sikra.

Leiande rett organ tyder det rette organet som er ansvarleg for framgangsmåten for samla registrering i EU, tredjestatsregistrering og global registrering.

Merk:

Artikkel 3 nr. 3 i EMAS-forordninga handlar om fastsetjing av det (leiande) rette organet.

Fastsetjing av det leiande rette organet kan variere i dei ulike «situasjonane» som er omtala ovanfor, t.d. som følgjer:

- Når det gjeld situasjon 1 (samla registrering i EU), er det leiande rette organet identisk med det rette organet i medlemsstaten der hovudkontoret eller forvaltningssenteret til søkjarorganisasjonen ligg.
- Når det gjeld tredjestatsregistrering og global registrering, er dette identisk med det rette organet i den medlemsstaten som tilbyr registrering av organisasjonar utanfor Fellesskapet, og der kontrolløren er akkreditert. Med andre ord, medlemsstaten må først utføre tredjestatsregistreringa og deretter syte for at det finst kontrollørar som har akkreditering eller lisens for kontrollar i dei aktuelle tredjestatane der det finst område som er omfatta av registreringsprosessen.

3. SAMLA REGISTRERING I EU — REGISTRERING AV ORGANISASJONAR MED FLEIRE OMRÅDE I FLEIRE MEDLEMSSTATAR

3.1. Gjeldande lovgjeving og etterleving av regelverket i medlemsstatane i EU

- 3.1.1. Organisasjonane må alltid oppfylle krava i regelverket i EU og dei lovfesta krava på nasjonalt plan som gjeld for dei områda som er omfatta av EMAS-registreringa.
- 3.1.2. I samsvar med del B bokstav g) i vedlegg IV til EMAS-forordninga skal miljøfråsegna til organisasjonane innehalde ei tilvising til dei gjeldande lovfesta miljøkrava.
- 3.1.3. For å kunne leggje fram «faktiske prov eller dokumentasjon på at organisasjonen oppfyller alle gjeldande lovfesta miljøkrav», slik det er nemnt i artikkel 4 nr. 4 i EMAS-forordninga, kan organisasjonen leggje fram fråsegner frå dei rette tilsynsstyresmaktene som sikrar at det ikkje ligg føre dokumentasjon på manglande etterleving av krava, og/eller at selskapet ikkje er part i saker som omfattar tilsyn, rettstvistar eller klageprosessar. Kontrollørane skal – som ein del av framgangsmåten for kontroll – kontrollere alle miljølisensar eller -løyve som gjeld for organisasjonen, eller alle andre former for prov i samsvar med rettsskipnaden i medlemsstaten der området ligg.

3.2. Oppgåvene til dei rette organa

- 3.2.1. Ved samla registrering i EU vil plasseringa til hovudkontoret eller forvaltningssenteret (i denne rekkjefølgja) til organisasjonen vere avgjerande for å kunne slå fast kva som er det leiande rette organet.

3.2.2. Når det gjeld **samla registrering i EU**, samarbeider det leiande rette organet berre med dei rette organa i medlemsstatar der det finst område som er omfatta av den samla registreringsprosessen.

3.2.3. Det leiande rette organet er ansvarleg for registreringa og skal samordne framgangsmåten med andre relevante rette organ.

Det leiande rette organet skal ikkje registrere, fornye eller mellombels eller endeleg stryke registreringa til ein organisasjon dersom det rette organet frå ein annan medlemsstat der organisasjonen som er omfatta av registreringa, har område, når det sistnemnde organet ikkje er samd i registreringa, fornyinga eller den mellombels eller endelege strykinga (sjå nr. 3.4. og 3.6 i denne rettleiinga). Som det står i nr. 3.4.6 kan det leiande rette organet òg avgjere at ein framgangsmåte for ei samla registrering som er av mindre omfang, skal gjennomførast (t.d. utan det omstridde området).

3.2.4. Dei rette organa bør samordne verksemda si med akkrediterings- og lisensutferdingsorganane i medlemsstatane sine, for såleis å sikre at både det rette organet og akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet er i stand til å utføre dei høvesvis oppgåvene sine på ein samordna måte.

3.2.5. Innan seks månader etter at dette rettleiingsdokumentet er vedteke, skal det innførast allmenne prinsipp og særskilde framgangsmåtar for samordning som skal godkjennast av forumet av rette organ. Desse vil deretter verte sende over for å verte vedtekne i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 48 nr. 2 og artikkel 49 nr. 3 i EMAS-forordninga.

3.2.6. Forumet av rette organ skal utarbeide standardiserte skjema på alle språka i Den europeiske unionen for å gjennomføre «framgangsmåtane for samordning» som er nemnde ovanfor. For å kunne kommunisere på ein effektiv måte og i størst mogleg grad redusere mistydingar som følgje av språkproblem, skal standardskjemaet i hovudsak innehalde avkryssingsboksar og berre nokre få «kommentarfelt» som kan innehalde fri tekst. Det bør ligge føre skriftleg dokumentasjon på slik kommunikasjon i form av vanleg post, e-post eller telefaks, i tilfelle det skulle oppstå tvistar mellom rette organ.

Skjema som er nemnde ovanfor, bør innehalde ei liste over gjeldande gebyr for alle medlemsstatar, i form av eit tillegg som kan ajourførast.

3.3. **Oppgåvene til kontrollørar som har akkreditering eller lisens**

3.3.1. Allmenne reglar som skal nyttast på miljøkontrollørar innanfor EMAS, på akkrediteringa eller lisensen deira og på kontrollprosessen, er fastsette i kapittel V og VI i EMAS-forordninga.

3.3.2. Kontrollen av miljøstyringsordninga og godkjenninga av EMAS-miljøfråsegna skal utførast av ein EMAS-miljøkontrollør som har akkreditering eller lisens for det aktuelle verkeområdet i samsvar med NACE-kodane⁽¹⁾.

3.3.3. Ved registrering av ein organisasjon med fleire område og former for verksemd, må akkrediteringa til kontrolløren eller kontrollørane omfatte alle NACE-kodane til organisasjonen sine område og former for verksemd. Dersom ein kontrollør ikkje har akkreditering eller lisens for alle dei relevante NACE-kodane, skal andre akkrediterte miljøkontrollørar trekkjast inn gjennom samarbeid frå sak til sak. Det er opp til den organisasjonen som søkjer om registrering, å avgjere om han ønskjer å trekkje inn fleire akkrediterte kontrollørar, samstundes som det vert teke omsyn til artikkel 4 i EMAS-forordninga. Bortsett frå grunnar som t.d. mangel på kontrollørar som er akkrediterte for dei relevante NACE-kodane, kan organisasjonane òg ha andre grunnar (t.d. lokalkunnskap, språkkunnskapar eller ønske om å kombinere EMAS-kontrollar med sertifisering i høve til andre standardar) for å nytte fleire kontrollørar. Alle kontrollørar som tek del i samarbeidet, må både skrive under på den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9 i EMAS-forordninga, og EMAS-miljøfråsegna. Kvar kontrollør som tek del, er ansvarleg for resultatet av den delen av kontrollen som følgjer av hans/hennar eige kompetanseområde (først og fremst i høve til særskilde NACE-kodar). Praksisen med at alle kontrollørar må skrive under på den same fråsegna, gjer det mogleg for det leiande rette organet å identifisere alle kontrollørane som er trekte inn. Difor kan det leiande rette organet kontrollere, via dei rette organa som tek del i samarbeidet (og som i sin tur bør samordne verksemda si med akkrediterings- og lisensutferdingsorganane), at alle kontrollørane som det kjem ved, har etterlevd plikta om førehandsmelding som er fastsett i artikkel 23 nr. 2 i EMAS-forordninga. Det gjer det òg mogleg for det leiande rette organet å kontrollere om NACE-kodane til kontrollørane som det gjeld, omfattar kodane til den aktuelle organisasjonen.

3.3.4. Kontrollørar som har akkreditering eller lisens i éin medlemsstat, kan òg drive verksemd i andre medlemsstatar. Kontrollørane skal melde frå til akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten eller medlemsstatane der dei aktar å drive verksemd, minst fire veker før dei startar verksemda si.

⁽¹⁾ Slik det er fastsett i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1893/2006 av 20. desember 2006 om innføring av en standard for næringsgruppering NACE Revisjon 2, og om endring av rådsforordning (EØF) nr. 3037/90 og visse EF-forordninger innenfor særlige statistikkområder (TEU L 393 av 30.12.2006, s. 1).

- 3.3.5 Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som fører tilsyn med den kontrolløren eller dei kontrollørane som utfører verksemd i medlemsstaten sin, skal sende over ein tilsynsrapport til det rette organet i den aktuelle medlemsstaten i tilfelle problem eller negative resultat. Dette rette organet skal deretter sende over tilsynsrapporten til det leiande rette organet som er ansvarleg for samla registrering i EU.
- 3.3.6. Dersom ein kontrollør påviser manglande etterleving av regelverket på tidspunktet då den første registreringa vert kontrollert, skal han/ho verken skrive under på den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9 i EMAS-forordninga, eller på EMAS-miljøfråsegna.
- 3.3.7. Dersom ein kontrollør oppdagar eit tilfelle av manglande etterleving i tidsrommet då registreringa er gyldig eller når ho skal fornyast, kan han/ho melde frå til det (leiande) rette organet at den aktuelle organisasjonen ikkje lenger oppfyller EMAS-krava. På tidspunktet for fornying av EMAS-registreringa kan han/ho berre skrive under på den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9 og på den ajourførte EMAS-miljøfråsegna, dersom organisasjonen kan dokumentere at han har gjort tiltak (dvs. i samarbeid med tilsynsstyresmaktene) for å sikre at regelverket igjen vert etterlevd. Dersom organisasjonen ikkje gjer tilstrekkelege tiltak for å løyse problemet med etterleving av regelverket, skal kontrolløren ikkje godkjenne den ajourførte fråsegna, og heller ikkje skrive under på EMAS-miljøfråsegna. Med andre ord, EMAS-miljøkontrolløren skal berre skrive under på fråsegna og godkjenne EMAS-miljøfråsegna dersom regelverket vert etterlevd fullt ut.
- 3.4. **Registreringsprosessen**
- 3.4.1. Allmenne reglar for registrering er fastsette i kapittel II, III og IV i EMAS-forordninga.
- 3.4.2. Organisasjonen bør på eit tidleg stadium ta kontakt med kontrolløren eller kontrollørane og det leiande rette organet for å avklare språkspørsmål når det gjeld dei dokumenta som er naudsynte for registreringa, og samstundes ta omsyn til krava i artikkel 5 nr. 3 og del D i vedlegg IV til EMAS-forordninga.
- 3.4.3. Det leiande rette organet skal kontrollere opplysningane i søknaden og informere dei andre rette organa om dette. Dette vil seie at dei rette organa informerer det rette leiande organet om kor gyldige opplysningane om dei relevante nasjonale områda er.
- 3.4.4. Dei rette organa det gjeld, skal, gjennom akkrediterings- og lisensutferdingsorganane sine og for sine eigne medlemsstatar, kontrollere om kontrolløren eller kontrollørane som tek del i framgangsmåten for registrering, har akkreditering eller lisens for alle NACE-kodar som er relevante i registreringsprosessen. Dette inneber at det rette organet kontrollerer om kontrolløren eller kontrollørane har meldt frå på ein korrekt måte og til rett tid (minst fire veker før kvar kontroll i ein medlemsstat), i samsvar med artikkel 24 nr. 1 i EMAS-forordninga. Det rette organet må difor i alle tilfelle sende over til akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten sin ei enkel melding om at det finst område som skal registrerast på grunnlag av kontroll-/godkjenningsverksemd som er utført av kontrollørar frå andre medlemsstatar. Dersom kompetansen til kontrolløren ikkje er godkjend av akkrediterings- og lisensutferdingsorganet, kan akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet krevje at kontrolløren skal oppfylle dei relevante krava, eller melde frå til det rette organet om problemet. Utan eit slikt minstemål av kommunikasjon mellom dei rette organa og akkrediterings- og lisensutferdingsorganane og mellom dei rette organa og det leiande rette organet kan tilsynsverksemda verte undergraven.
- 3.4.5. Alle dei rette organa som tek del i registreringsprosessen, skal nytte dei nasjonale framgangsmåtane sine til å kontrollere at områda som ligg i deira eigen medlemsstat, oppfyller krava i EMAS-forordninga. Dei skal melde frå til det leiande rette organet om avgjerda si (kan registrerast/kan ikkje registrerast). Dersom avgjerda er negativ, skal det rette organet melde frå til det leiande rette organet om årsakene til dette i form av ei fråsegn. Ettersom denne fråsegna er bindande, kan det leiande rette organet anten velje å stoppe framgangsmåten for samla registrering inntil krava i forordninga er oppfylte (i så fall vert ingen av områda EMAS-registrerte), eller melde frå til organisasjonen om at dei kan gjennomføre ein framgangsmåte for samla registrering utan det omstridde området.
- 3.4.6. Etter at det er teke avgjerd om registrering, skal det leiande rette organet melde frå til alle dei nasjonale rette organa det gjeld, og desse skal melde frå til dei høvesvise tilsynsstyresmaktene sine.

Merk:

Europakommisjonen oppmodar dei rette organa om å utveksle kontaktopplysningar med dei høvesvise tilsynsstyresmaktene sine, slik at det lettare kan utvekslast opplysningar mellom dei rette organa og tilsynsstyresmaktene dersom dei sistnemnde ikkje kjenner til eventuelle situasjonar med manglande etterleving av regelverket.

- 3.4.7. Tilsynet med etterleving av regelverket på nasjonalt plan vert sikra av dei nasjonale tilsynsstyresmaktene og av kontrollørar gjennom kontrollprosessen. Dersom tilsynsstyresmaktene oppdagar ein situasjon med manglande etterleving av regelverket, må dei melde frå til det nasjonale rette organet, som igjen skal melde frå til det leiande rette organet.

- 3.4.8. Dersom eit rett organ i ein medlemsstat der det finst eit område som inngår i den organisasjonen som søker om den aktuelle samla registreringa, kan dokumentere at det ligg føre brot på dei gjeldande lovfesta krava, klager eller andre relevante opplysningar som gjeld oppfylling av krava til registrering, fornying, mellombels og endeleg stryking, skal dei straks sende over til det leiande rette organet ein tilsynsrapport der dei gjer greie for problemet.
- 3.4.9. Nokre medlemsstatar er i samsvar med den nasjonale lovgjevinga si pålagde å ta gebyr. Difor kan ikkje det leiande rette organet ta avgjerder om gebyr som vert fastsette i samsvar med lovgjevinga i andre medlemsstatar. Rolla til det leiande rette organet når det gjeld gebyr, vil berre vere å gje organisasjonen melding om den samla summen og dei einskilde gebyra som skal betalast til dei nasjonale rette organa som tek del i framgangsmåten for registrering. Det leiande rette organet vil òg gje organisasjonen melding om at alle dei rette organa det gjeld, skal påleggje dei gebyra som følgjer av registreringa av dei nasjonale områda som vert omfatta av framgangsmåten for samla registrering, direkte til kvart av dei nasjonale områda til søkjarorganisasjonen.

Alle dei rette organa det gjeld, skal melde frå til det leiande rette organet om at gebyra faktisk er vortne betalte før registreringa, slik det er fastsett i artikkel 5 nr. 2 bokstav d) i EMAS-forordninga.

Merk:

Europakommisjonen oppmodar alle medlemsstatane sterkt om å finne ut om det er mogleg å redusere dei gjeldande gebyra for organisasjonar som søker om samla registrering. Ved samla registrering er det berre det leiande rette organet som vil ha administrasjonskostnader som kan jamførast med kostnadene i samband med vanleg registrering, medan dei rette organa det gjeld, vil vere mindre aktive og dermed ha lågare kostnader. Lågare gebyr vil gjere EMAS-ordninga og samla registrering meir attraktiv.

- 3.4.10. Alle dei rette organa det gjeld, bør påleggje dei gebyra som følgjer av registreringa av dei nasjonale områda som vert omfatta av framgangsmåten for samla registrering, direkte til kvart av dei nasjonale områda til søkjarorganisasjonen.

3.5. Organisasjonar som alt er vortne registrerte

- 3.5.1. Dersom ein organisasjon som alt er vorten registrert, avgjer at han vil velje samla registrering i EU, kan det leiande rette organet på oppmoding frå organisasjonen utvide verkeområdet for den eksisterande registreringa, og såleis halde ved lag det eksisterande nummeret i det nasjonale registeret. Oppføringa bør òg registrerast med det nye registreringsnummeret i det nasjonale registeret. I desse tilfella skal alle dei andre rette organa i medlemsstatar der organisasjonen alt har registrerte område, syte for at dei eksisterande registreringane vert registrerte med det nye registreringsnummeret i dei høvesvise registra deira.

3.6. Mellombels og endeleg stryking av registreringar

- 3.6.1. Dei allmenne reglane for mellombels og endeleg stryking som er fastsette i artikkel 15 i EMAS-forordninga, skal nyttast på denne særlege framgangsmåten.

- 3.6.2. Alle klager som gjeld den registrerte organisasjonen, skal meldast til det leiande rette organet.

- 3.6.3. Kvart rette organ er ansvarleg for dei framgangsmåtane som gjeld for område til organisasjonen i dei høvesvise medlemsstatane deira. Dersom ein organisasjon må strykast mellombels eller endeleg frå EMAS-registeret, skal det rette organet som tek del i samarbeidet, gje uttrykk for synspunkta sine i form av ei fråsegn til det leiande rette organet. Det vil seie at dei nasjonale rette organa berre skal gje fråsegnar om sine eigne høvesvise nasjonale områda. Dersom ei av desse fråsegnene stadfestar at eit nasjonalt område ikkje kan registrerast, skal det leiande rette organet innleie framgangsmåten for mellombels eller endeleg stryking, samstundes som det tek omsyn til krava i artikkel 15 i EMAS-forordninga. Før det leiande rette organet tek avgjerda si om mellombels eller endeleg stryking av organisasjonen, bør det melde frå til dei andre rette organa som er trekte inn og tek del i samarbeidet, slik at desse får vite grunnane til den mellombels eller endelege strykinga som eitt eller fleire rette organ har utført. Det leiande rette organet bør òg melde frå til hovudkontoret eller forvaltningssenteret til organisasjonen om den avgjerda som er teken, og om grunnane til framlegget om mellombels eller endeleg stryking. Deretter skal det leiande rette organet gje organisasjonen høve til å avgjere om heile organisasjonen skal strykast frå EMAS-registeret, eller om berre dei omstridde områda skal fjernast frå verkeområdet for den samla registreringa.

- 3.6.4. Tvistar mellom einskilde nasjonale rette organ som tek del i framgangsmåten for samla registrering, skal løysast i forumet av rette organ. Tvistar mellom det leiande rette organet og organisasjonen skal løysast i samsvar med den nasjonale lovgjevinga i staten der det leiande rette organet høyrer heime. Tvistar mellom organisasjonen og einskilde rette organ, t.d. om etterleving av regelverket ved einskilde nasjonale område som er ein del av framgangsmåten for samla registrering, skal løysast i samsvar med gjeldande nasjonal lovgjeving i den aktuelle medlemsstaten. Tvistar skal løysast i samsvar med krava i artikkel 15 i EMAS-forordninga.

- 3.6.5. Dersom det ikkje er mogleg å løyse tvisten mellom dei rette organa det gjeld, innanfor forumet av rette organ, kan framgangsmåten for registrering eventuelt halde fram utan dei omstridde områda.

3.7. Språkspørsmål

- 3.7.1. EMAS-miljøfråsegna og andre relevante dokument skal sendast over på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til medlemsstaten der det leiande rette organet høyrer heime (artikkel 5 nr. 3). Dersom ein organisasjon legg fram ei samla miljøfråsegn med opplysningar om ein skilde område, skal desse opplysningane òg finnast på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til medlemsstatane der områda finst.

4. TREDJESTATSREGISTRERING — REGISTRERING AV ORGANISASJONAR MED EITT ELLER FLEIRE OMRÅDE I TREDJESTATAR (SITUASJON 2)

EMAS-registrering i tredjestatar tyder EMAS-registrering av ein organisasjon som driv verksemd i ein eller fleire tredjestatar. Etter EMAS-forordninga står medlemsstatane fritt til å velje om dei nasjonale rette organa deira skal utføre registrering av organisasjonar i tredjestatar i samsvar med artikkel 11 nr. 1 i EMAS-forordninga.

4.1. Gjeldande lovgjeving og etterleving av regelverket i tredjestatar

- 4.1.1. Organisasjonane skal alltid oppfylle dei lovfesta krava på nasjonalt plan i tredjestatar der det finst område som er omfatta av EMAS-registreringa.
- 4.1.2. For å sikre at EMAS-ordninga held ved lag det høge nivået sitt når det gjeld ambisjonar og truverd, bør miljøprestasjonen til ein tredjestatsorganisasjon liggje på eit nivå som ligg nærmast mogleg opptil det nivået som EU-organisasjonar er pålagde å oppfylle i medhald av relevant europeisk regelverk og nasjonal lovgjeving. Difor er det ønskeleg at organisasjonar utanfor Fellesskapet, i tillegg til tilvisingane til gjeldande nasjonale miljøkrav, i miljøfråsegna si òg viser til dei lovfesta miljøkrava som gjeld for liknande organisasjonar i medlemsstaten der organisasjonen aktar å søkje om registrering (artikkel 4 nr. 4 i EMAS-forordninga). Miljøkrava på denne lista bør nyttast som tilvising dersom det vert fastsett endå høgare prestasjonsmål, men dei er ikkje bindande for vurderinga av korleis organisasjonen etterlever regelverket.
- 4.1.3. I samsvar med del B bokstav g) i vedlegg IV til EMAS-forordninga skal miljøfråsegna til organisasjonane innehalde ei tilvising til gjeldande nasjonale lovfesta miljøkrav.
- 4.1.4. Når det gjeld område i tredjestatar, bør dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 4 nr. 4 i EMAS-forordninga, helst omfatte følgjande:

- fråsegner frå tilsynsstyresmaktene i tredjestaten, medrekna opplysningar om miljøløyve som gjeld for organisasjonen, og opplysning om at det ikkje finst prov på manglande etterleving av regelverket, og/eller at selskapet ikkje er part i saker som omfattar tilsyn, rettsvistar eller klageprosessar,
- miljøfråsegna bør òg innehalde tabellar med kryssstilvisingar mellom den nasjonale lovgjevinga i tredjestaten og lovgjevinga i staten der organisasjonen søkjer om registrering slik det er nemnt i avsnitt 4.1.2.

4.2. EMAS-akkreditering og -lisensutføring i tredjestatar

- 4.2.1. Medlemsstatane skal, på grunnlag av sine egne midlar og driftsprosedurar, avgjere om dei vil utføre tredjestatsregistrering eller ikkje. I dette tilfellet skal medlemsstatane syte for at dei nasjonale akkrediterings- eller lisensutføringorgan deira vil gje akkreditering eller lisens til EMAS-miljøkontrollørar for tredjestatar. Berre medlemsstatar som godtek prinsippet om «tredjestatsregistrering», har rett til å registrere organisasjonar som driv verksemd i tredjestatar.
- 4.2.2. Dersom ein medlemsstat tek avgjerd om å utføre tredjestatsregistrering i samsvar med artikkel 3 nr. 3 i EMAS-forordninga, er det talet på tilgjengelege akkrediterede kontrollørar som i praksis vil avgjere om det er mogleg å få ei registrering frå denne medlemsstaten. Den potensielle kontrolløren bør vere akkreditert i den medlemsstaten som utfører tredjestatsregistrering, og for den særlege tredjestaten og den eller dei særlege økonomiske sektorane som det gjeld (fastsett på grunnlag av NACE-kodar), i den aktuelle framgangsmåten for registrering.

Presisering:

Dette inneber at kontrolløren som skal utføre kontrollen i ein viss tredjestat, må vere akkreditert for denne tredjestaten av akkrediterings- og lisensutføringorganet i den medlemsstaten som utfører tredjestatsregistrering, og der organisasjonen aktar å registrere seg.

- 4.2.3. Av den akkrediteringa eller lisensen som kontrollørane kan få for tredjestatar, må det gå tydeleg fram kva tredjestat han er gyldig for, slik at registreringsløyvet oppfyller føresegnene i artikkel 22 nr. 2 i EMAS-forordninga. Det er opp til medlemsstatane å avgjere om dei vil utferde separate attestar for kvar einskild tredjestat, eller utferde ein samla akkrediteringsattest saman med eit geografisk tillegg med oppføring av dei statane der kontrollorgana har akkreditering til å drive verksemd.

Presisering:

På bakgrunn av artikkel 22, «Tilleggskrav til miljøkontrollørar som driv verksemd i tredjestatar», er det tydeleg at akkreditering/lisensutferding for tredjestatar berre kan vere ei akkreditering eller lisensutferding i tillegg til ei grunnleggjande akkreditering/lisensutferding for Europa. Dette inneber at akkreditering/lisensutferding for tredjestatar kan gjevast som eit tilleggskrav til allmenn akkreditering/lisensutferding innanfor eit visst verkeområde med tilhøyrande krav. Difor vil akkreditering/lisensutferding for tredjestatar måtte omfatte akkreditering/lisensutferding for éin av medlemsstatane og innanfor eit visst verkeområde.

Så snart ein kontrollør har fått akkreditering eller lisens i éin medlemsstat, kan han/ho òg utføre kontrollverksemd i andre medlemsstatar i samsvar med artikkel 24 i forordninga.

4.3. Oppgåvene til det rette organet

- 4.3.1. Ein medlemsstat som har fleire enn eitt rett organ, bør avgjere kva for eit av desse som det kan søkjast om tredjestatsregistrering hjå, og dette organet bør vere det same som det som er utpeikt i samsvar med avsnitt 5.3.1.
- 4.3.2. Søknader om tredjestatsregistrering frå organisasjonar som har område berre i tredjestatar, kan rettast til alle rette organ som er utpeikte for dette føremålet i medlemsstatar der følgjande vilkår er oppfylte:
- a) medlemsstaten tilbyr registrering av organisasjonar frå tredjestatar,
 - b) kontrollørar som har akkreditering eller lisens, er tilgjengelege for kontroll i tredjestatane der områda som er omfatta av registreringa, finst, og desse kontrollørane omfattar dei relevante NACE-kodane (med andre ord, avgjerda om val av kontrollør vil avgjere kva medlemsstat registreringa skal gjerast i, og omvendt).
- 4.3.3. Dei rette organa bør samordne verksemda si med akkrediterings- og lisensutferdingsorgana i medlemsstatane sine, for såleis å sikre at når medlemsstaten utfører registrering av organisasjonar frå tredjestatar, er både det rette organet og akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i stand til å utføre dei høvesvise oppgåvene sine på ein samordna måte.

4.4. Oppgåvene til kontrollørar som har akkreditering eller lisens

- 4.4.1. Allmenne reglar som skal nyttast på miljøkontrollørar innanfor EMAS, på akkrediteringa eller lisensen deira og på kontrollprosessen, er fastsette i kapittel V og VI i EMAS-forordninga.
- 4.4.2. Medlemsstatar som tillèt tredjestatsregistrering, må innføre eit særleg system for akkreditering eller lisensutferding til kontrollørar for tredjestatar. Akkreditering av eller lisensutferding til kontrollørar vil finne stad for kvar einskild stat som eit tillegg til den allmenne akkrediteringa eller lisensen, i samsvar med dei spesifikasjonane som er omtala i dette avsnittet.
- 4.4.3. Kontrolløren eller kontrollørane må ha akkreditering eller lisens for alle NACE-kodane for organisasjonsverksemd som er knytt til dei av organisasjonen sine område som skal omfattast av framgangsmåten for registrering. Ettersom dette kan omfatte ei rekkje ulike former for verksemd, har organisasjonane høve til å nytte fleire akkrediterte kontrollørar dersom dei meiner at dette er relevant. Det kan vere vanskeleg, om ikkje umogleg, å peike ut éin kontrollør for all verksemd til store organisasjonar. Dersom kontrolløren ikkje sjølv har akkreditering eller lisens for dei relevante NACE-kodane, skal andre miljøkontrollørar trekkjast inn gjennom samarbeid frå sak til sak. Det er opp til den organisasjonen som søkjer om registrering, å avgjere om han ønskjer å trekkje inn fleire kontrollørar med akkreditering/lisens, samstundes som det vert teke omsyn til artikkel 4 i EMAS-forordninga. Bortsett frå grunnar som t.d. mangel på kontrollørar som er akkrediterte for dei relevante NACE-kodane, kan organisasjonane òg ha andre grunnar (t.d. lokalkunnskap, språkkunnskapar eller ønske om å kombinere EMAS-kontrollar med sertifisering i høve til andre standardar) for å nytte fleire kontrollørar.
- 4.4.4. Alle kontrollørar som tek del i samarbeidet, må både skrive under på den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9, og EMAS-miljøfråsegna. Kvar kontrollør som tek del, er ansvarleg for resultatet av den delen av kontrollen som følgjer av hans/hennar eige kompetanseområde (først og fremst i høve til særskilde NACE-kodar). Praksisen med at alle kontrollørar må skrive under på den same fråsegna, gjer det mogleg for det rette organet å identifisere alle kontrollørane som er trekte inn. Difor kan det rette organet kontrollere, via akkrediterings- og lisensutferdingsorgana, at alle kontrollørane som det gjeld, har etterlevd plikta om førehandsmelding som er fastsett i artikkel 23 nr. 2 i EMAS-forordninga. Det gjer det òg mogleg for det rette organet å kontrollere om NACE-kodane til kontrollørane som det gjeld, omfattar kodane til den aktuelle organisasjonen.

- 4.4.5. Kontrollørar som ønskjer å drive verksemd i tredjestatar, må ha ei særskild akkreditering eller ein særskild lisens for den aktuelle staten, i tillegg til den allmenne akkrediteringa eller lisensen, i samsvar med spesifikasjonane som er fastsette i EMAS-forordninga. Dette vil seie at dei må ha følgjande:
- a) ei særskild akkreditering eller ein særskild lisens for dei NACE-kodane som gjeld for organisasjonen,
 - b) kunnskap om og forståing av dei lovene og forskriftene som gjeld for miljøet, i tredjestaten det vert søkt om akkreditering eller lisens for,
 - c) kunnskap om og forståing av det offisielle språket i tredjestaten det vert søkt om akkreditering eller lisens for.
- 4.4.6. Kontrollørane skal – som ein del av framgangsmåten for kontroll – kontrollere alle miljølisenar eller -løyve som gjeld for organisasjonen, eller alle andre former for prov i samsvar med rettskipnaden i dei statane som er omfatta av søknaden.
- 4.4.7. I tredjestatar skal kontrolløren, i tillegg til dei vanlege oppgåvene sine, utføre ein grundig kontroll av ein organisasjon og områda hans som er omfatta av registreringsprosessen, med omsyn til etterlevinga deira av regelverket. Kontrollørane skal såleis, med særleg omsyn til innhaldet i artikkel 13 nr. 2 bokstav c) i EMAS-forordninga, kontrollere at det ikkje finst prov på manglande etterleving av miljøregelverket. Kontrollørane bør nytte konklusjonane til tilsynsstyresmaktene, og bør difor kontakte desse styresmaktene for å få nærmare opplysningar om etterlevinga av regelverket. Kontrollørane må kontrollere om han/ho er nøgd på grunnlag av den dokumentasjonen som er motteken, t.d. i form av ein skriftleg rapport frå den rette tilsynsstyresmakta. Dersom det ikkje er funne prov på manglande etterleving av regelverket, skal dette stadfestast i miljøkontrolløren si fråsegn om kontroll- og godkjenningsverksemd (vedlegg VII til EMAS-forordninga). Denne fråsegna skal underskrivast av kontrolløren. Kontrolløren pliktar å kontrollere om krava i EMAS-forordninga er oppfylte ved bruk av vanlege revisjonsmetodar som skal utførast i samsvar med EMAS-forordninga. For å sikre at registreringa av tredjestatsområde held same kvalitetsnivå som registreringa av område i EU, kan kontrolløren vurdere å utføre ei risikovurdering.
- 4.4.8. I samsvar med artikkel 13 nr. 2 bokstav d) i EMAS-forordninga bør kontrolløren kontrollere om det ligg føre relevante klager frå partar som det gjeld, eller om klager er vortne tekne til følgje med positivt resultat.
- 4.4.9. Dei medlemsstatane som utfører tredjestatsregistrering, skal vurdere om det bør innførast tiltak for å styrkje akkrediteringsprosessen for å sikre at kontrollørar med akkreditering for særskilte tredjestatar er kvalifiserte til å kontrollere at organisasjonen oppfyller krava i den gjeldande nasjonale lovgjevinga i tredjestaten.
- 4.4.10. Medlemsstatar som utfører tredjestatsregistrering, kan vurdere om det bør innførast særlege føresegnar som er valfrie, for å styrkje kontrollen med etterlevinga av regelverket og sikre at registreringsprosessen held tilsvarende nivå som i EU. Medlemsstatane kan særleg vurdere om dei skal inngå avtaler (bilateral avtale, programfråsegn osv.). Slike avtaler kan omfatte ein framgangsmåte for å sikre kommunikasjonen mellom dei høvesvise tilsynsstyresmaktene i tredjestaten og i medlemsstaten når det gjeld etterleving av regelverket, og for korleis brot på gjeldande lovfesta krav kan meldast til det rette organet i medlemsstaten i tidsrommet mellom den innleiande registreringa eller fornyinga og neste fornying.
- 4.4.11. Minst seks veker før kvar kontroll eller godkjenning i ein tredjestat skal miljøkontrolløren sende over opplysningar om akkrediteringa eller lisensen sin og om tidspunkt og stad for kontrollen eller godkjenninga, til det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten der den aktuelle organisasjonen aktar å søkje om registrering eller er registrert. Det kan òg meldast frå til det rette organet i medlemsstaten der områda skal registrerast.
- 4.4.12. Dersom ein kontrollør påviser manglande etterleving av regelverket på registreringstidspunktet, skal han/ho verken skrive under på EMAS-miljøfråsegna eller den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9 i forordninga.
- 4.4.13. Dersom ein kontrollør oppdagar eit tilfelle av manglande etterleving i tidsrommet då registreringane er gyldige eller skal fornyast, kan han/ho melde frå til det rette organet at den organisasjonen som det gjeld, ikkje lenger oppfyller EMAS-krava. På tidspunktet for fornying kan han/ho skrive under på den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9, og på den ajourførte EMAS-miljøfråsegna, berre dersom organisasjonen kan dokumentere at han har gjort eigna tiltak (dvs. i samarbeid med tilsynsstyresmaktene) for å sikre at regelverket igjen vert etterlevd. Dersom organisasjonen ikkje kan påvise overfor kontrolløren at det er gjort tilstrekkelege tiltak for å sikre at regelverket igjen vert etterlevd, skal kontrolløren ikkje godkjenne den ajourførte fråsegna, og heller ikkje skrive under på EMAS-miljøfråsegna.

4.5. Registreringsprosessen

- 4.5.1. Organisasjonen bør på eit tidleg stadium ta kontakt med kontrolløren eller kontrollørane og det rette organet for å avklare spørsmål når det gjeld dei dokumenta som er naudsynte for registreringa, og samstundes ta omsyn til krava i artikkel 5 nr. 3 og del D i vedlegg IV til EMAS-forordninga.
- 4.5.2. Før søknaden om registrering vert send til det rette organet, skal organisasjonen leggje fram for kontrolløren faktiske prov eller dokumentasjon på at det ikkje finst noko som tyder på manglande etterleving av dei lovfesta miljøkrava som er omtala i avsnitt 4.1.4 i denne rettleinga.
- 4.5.3. Etter å ha oppfylt EMAS-krava, særleg dei som gjeld for registreringsprosessen som er oppført i vedlegg II til forordninga, og etter å ha fått EMAS-miljøfråsegna godkjent av ein kontrollør med akkreditering eller lisens, skal organisasjonen sende søknadskjemaet og dei tilhøyrande dokumenta, medrekna vedlegg VI og VII, til registrering hjå det rette organet.
- 4.5.4. Det rette organet skal kontrollere opplysningane i søknaden, og for dette føremålet melde frå til det nasjonale akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet.
- 4.5.5. Akkrediterings- og lisensutferdingsorganet skal vurdere kompetansen til miljøkontrolløren på grunnlag av dei faktorane som er fastsette i artikkel 20, 21 og 22 i EMAS-forordninga. Dersom kompetansen til kontrolløren ikkje er godkjend, kan akkrediterings- og lisensutferdingsorganet krevje at kontrolløren skal oppfylle dei relevante krava, og melde frå til det rette organet om problemet. Det rette organet skal på si side under alle omstende gje akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet ei enkel melding om at ein søknad om registrering er motteken, og at det finst område i tredjestatar som skal registrerast. Når akkrediterings- og lisensutferdingsorganet har motteke ei slik melding, bør dei melde frå til det rette organet om kva dei har funne ut om den eller dei aktuelle kontrollørane. Dette gjer det lettare for det rette organet å ta ein endeleg kontroll for å fastslå om kontrolløren eller kontrollørane som tek del i framgangsmåten for registrering, har akkreditering eller lisens for alle NACE-kodar som er relevante i registreringsprosessen. Utan eit slikt minstemål av kommunikasjon mellom det rette organet og akkrediterings- og lisensutferdingsorganet kan tilsynsverksemnda verte undergraven.
- 4.5.6. Det rette organet som er ansvarleg for registreringa, skal samordne kontrollen med etterlevinga av regelverket, på grunnlag av opplysningar som organisasjonen har sendt over til kontrolløren. Berre i tilfelle der ein medlemsstat har gjort særlege avtaler med tredjestatar, som omfattar føresegner som gjer det mogleg for medlemsstaten å kontakte tilsynsstyresmakter i tredjestatane, kan medlemsstaten kontrollere direkte med tilsynsstyresmaktene i tredjestatane at regelverket vert etterlevd. Dersom dette ikkje er tilfellet, må det rette organet skaffe fram faktiske prov eller dokumentasjon på at dei gjeldande lovfesta krava vert oppfylte, frå kontrolløren og/eller organisasjonen.

4.6. Mellombels og endeleg stryking av registreringar

- 4.6.1. Det rette organet skal følgje dei allmenne reglane som er fastsette i EMAS-forordninga med omsyn til mellombels og endeleg stryking.
- 4.6.2. Alle klager som gjeld den registrerte organisasjonen, skal meldast til det rette organet.
- 4.6.3. Organisasjonar frå tredjestatar som søkjer om EMAS-registrering og er villige til å innleie ein framgangsmåte for registrering, må godta at kontrolløren kan verte beden av det rette organet om å kontrollere om det kan liggje føre grunnar til mellombels eller endeleg stryking i tredjestaten der områda finst, før det vert teke avgjerd. Organisasjonen skal samarbeide og gje kontrolløren eller det rette organet svar på alle spørsmål om moglege grunnar til ei mellombels eller endeleg stryking. Organisasjonen må òg vere villig til å bere kostnadene i samband med det arbeidet som kontrolløren gjer for å klargjere situasjonen.
- 4.6.4. Avtaler som er gjorde mellom medlemsstaten som er ansvarleg for registreringa, og tredjestaten, kan omfatte særlege føresegner for å sikre etterleving av dei lovfesta krava og aktiv kommunikasjon frå tilsynsstyresmaktene i tredjestaten til det rette organet om brot på desse krava.
- 4.6.5. Kontrolløren skal, i alle situasjonar, jamvel når det finst slike avtaler, vere ansvarleg for å kontrollere at dei lovfesta krava vert etterlevde. Eventuelle klager og manglande etterleving av krava som kan føre til endeleg eller mellombels stryking av registreringa, må takast med når slik etterleving vert kontrollert.
- 4.6.6. Ikkje-statlege organisasjonar som driv verksemd i tredjestaten, kan rådspørjast og nyttast som informasjonskjelde. Kontrolløren skal under alle omstende sende over til det rette organet eventuelle relevante opplysningar som vert innhenta under kontrollprosessen.

4.7. Språkspørsmål

- 4.7.1. EMAS-miljøfråsegna og andre relevante dokument skal sendast over til registrering på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til medlemsstaten der det rette organet høyrer heime (artikkel 5 nr. 3). Dersom ein organisasjon legg fram ei samla miljøfråsegn med opplysningar om ein skilde område i ulike tredjestatar, bør desse opplysningane òg finnast på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til tredjestatane der områda finst.

5. GLOBAL REGISTRERING – ORGANISASJON MED FLEIRE OMRÅDE I MEDLEMSSTATAR OG I TREDJESTATAR (SITUASJON 3)

Global EMAS-registrering tyder registrering av ein organisasjon som har fleire område innanfor og utanfor EU, som søker om ei samla registrering av alle områda eller delar av dei i ein medlemsstat som tilbyr tredjestatsregistrering.

Registrering med fleire område i medlemsstatar og i tredjestatar er ein komplisert prosess som inneber ein kombinasjon av dei to framgangsmåtane som det alt er gjort greie for: samla registrering i EU, og tredjestatsregistrering. Dette avsnittet handlar om aspekt som skil seg frå det som det er gjort greie for i avsnitt 3 og 4 i denne rettleiinga.

5.1. Gjeldande regelverk og etterleving av regelverket i medlemsstatar og tredjestatar

- 5.1.1. Organisasjonane må alltid oppfylle krava i regelverket i EU og dei lovfesta krava på nasjonalt plan som gjeld for dei områda som er omfatta av EMAS-registreringa.

- 5.1.2. For å sikre at EMAS-ordninga held ved lag det høge nivået sitt når det gjeld ambisjonar og truverd, bør miljøprestasjonen til ein tredjestatsorganisasjon liggje på eit nivå som ligg nærmast mogleg opptil det nivået som EU-organisasjonar er pålagde å oppfylle i medhald av relevant europeisk regelverk og nasjonal lovgjeving. Difor er det ønskeleg at organisasjonar med område utanfor Fellesskapet, i tillegg til tilvisingane til gjeldande nasjonale miljøkrav, i miljøfråsegna si òg viser til dei lovfesta miljøkrava som gjeld for liknande organisasjonar i medlemsstaten der organisasjonen aktar å søkje om registrering (artikkel 4 nr. 4 i EMAS-forordninga). Miljøkrava på denne lista bør nyttast som tilvising dersom det vert fastsett høgare prestasjonsmål i tillegg, men dei er ikkje relevante for vurderinga av korleis organisasjonen etterlever regelverket.

- 5.1.3. Når det gjeld område i tredjestatar, bør dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 4 nr. 4 i forordninga, omfatte følgjande:

- fråsegner frå tilsynsstyresmaktene i tredjestaten, medrekna opplysningar om miljøløyve som gjeld for organisasjonen, og om at det ikkje finst prov på manglande etterleving av regelverket, og/eller at selskapet ikkje er part i saker som omfattar tilsyn, rettstvistar eller klageprosessar,
- miljøfråsegna bør òg innehalde tabellar med krysstilvisingar mellom den nasjonale lovgjevinga i tredjestaten og lovgjevinga i staten der organisasjonen søker om registrering slik det er nemnt i avsnitt 5.1.2.

5.2. Akkreditering og lisensutferding

- 5.2.1. Føresegnene som er gjort greie for i avsnitt 4.2 om EMAS-akkreditering og -lisensutferding i tredjestatar, skal nyttast.

5.3. Oppgåvene til dei rette organa

- 5.3.1. Ein medlemsstat som har fleire enn eitt rett organ, bør avgjere kva for eit av desse som det kan søkjast om globale registreringar hjå, og dette rette organet bør vere det same som det som er utpekt i samsvar med avsnitt 4.3.1.

- 5.3.2. Søknader om global registrering, dvs. frå organisasjonar som har område i medlemsstatane i EU og i tredjestatar, kan rettast til alle rette organ som er utpekte for dette føremålet i ein av medlemsstatane der følgjande vilkår er oppfylte:

- a) medlemsstaten tilbyr registrering av organisasjonar frå statar utanfor EU,
- b) det finst kontrollørar som har akkreditering eller lisens til å utføre kontrollar i tredjestatane der dei områda som er omfatta av registreringa, er å finne, og akkreditering eller lisensen til desse kontrollørane omfattar dei relevante NACE-kodane.

- 5.3.3. På grunnlag av vilkåra nedanfor, i prioritert rekkjefølgje, skal det fastsetjast i kva for ein medlemsstat det rette organet som er ansvarleg for denne framgangsmåten, skal liggje:
- 1) når organisasjonen har hovudkontoret sitt i ein medlemsstat som utfører tredjestatsregistrering, skal søknaden sendast over til det rette organet i den medlemsstaten,
 - 2) dersom hovudkontoret til organisasjonen ikkje ligg i ein medlemsstat som utfører tredjestatsregistrering, men organisasjonen har eit forvaltningssenter der, bør søknaden sendast til det rette organet i denne medlemsstaten,
 - 3) dersom organisasjonen som søker om global registrering, verken har hovudkontoret sitt eller eit forvaltningssenter i ein medlemsstat som utfører tredjestatsregistrering, må organisasjonen skipe eit mellombels forvaltningssenter i ein medlemsstat som utfører tredjestatsregistrering, og søknaden bør sendast til det rette organet i denne medlemsstaten.
- 5.3.4. Dersom fleire enn ein medlemsstat er omfatta av søknaden, skal framgangsmåten for samordning mellom dei rette organa det gjeld, slik det er fastsett i avsnitt 3.2, følgjast. Det rette organet vil då fungere som leiande rett organ når det gjeld dei delane av framgangsmåten som har med samla registrering i EU å gjere.
- 5.4. **Oppgåvene til kontrollørar som har akkreditering eller lisens**
- 5.4.1. Allmenne reglar som skal nyttast på miljøkontrollørar innanfor EMAS, på akkrediteringa eller lisensen deira og på kontrollprosessen, er fastsette i kapittel V og VI i EMAS-forordninga.
- 5.4.2. Medlemsstatar som tillèt tredjestatsregistrering, må innføre eit særleg system for akkreditering eller lisensutføring til kontrollørar for tredjestatar. Akkreditering av eller lisensutføring til kontrollørar vil finne stad for kvar einskild stat som eit tillegg til den allmenne akkrediteringa eller lisensen, i samsvar med dei spesifikasjonane som er omtala i dette avsnittet.
- 5.4.3. Ved global registrering av ein organisasjon med fleire område og former for verksemd, må akkrediteringa til kontrolløren eller kontrollørane omfatte alle NACE-kodane til organisasjonen sine område og former for verksemd. Når det gjeld tredjestatsområde, skal kontrolløren eller kontrollørane ha akkreditering eller lisens for alle tredjestatar og alle NACE-kodar for alle område som høyrer inn under den globale registreringa i medlemsstaten der organisasjonen aktar å søkje om registrering. Ettersom dette kan omfatte ei rekkje ulike former for verksemd, har organisasjonane høve til å nytte fleire akkrediterte kontrollørar dersom dei meiner at dette er relevant. Det kan vere vanskeleg, om ikkje umogleg, å peike ut ein kontrollør for all verksemd til store organisasjonar. Dersom kontrolløren ikkje sjølv har akkreditering eller lisens for dei relevante NACE-kodane eller statane, skal andre akkrediterte miljøkontrollørar trekkjast inn gjennom samarbeid frå sak til sak. Det er opp til den organisasjonen som søker om registrering, å avgjere om han ønskjer å trekkje inn fleire kontrollørar med akkreditering/lisens, samstundes som det vert teke omsyn til artikkel 4 i EMAS-forordninga. Bortsett frå grunnar som t.d. mangel på kontrollørar som er akkrediterte for dei relevante NACE-kodane, kan organisasjonane òg ha andre grunnar (t.d. lokalkunnskap, språkkunnskapar eller ønske om å kombinere EMAS-kontrollar med sertifisering i høve til andre standardar) for å nytte fleire kontrollørar.
- 5.4.4. Alle kontrollørar som tek del i samarbeidet, må både skrive under på den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9 i EMAS-forordninga, og EMAS-miljøfråsegna. Kvar kontrollør som tek del, er ansvarleg for resultatet av den delen av kontrollen som følgjer av hans/hennar eige kompetanseområde (først og fremst i høve til særskilde NACE-kodar). Praksisen med at alle kontrollørar må skrive under på den same fråsegna, gjer det mogleg for det leiande rette organet å identifisere alle kontrollørane som er trekte inn. Difor kan det leiande rette organet kontrollere, via dei rette organa som tek del i samarbeidet (og som i sin tur bør samordne verksemda si med akkrediterings- og lisensutføringssorganane), at alle kontrollørane som det kjem ved, har etterlevd plikta om førehandsmelding som er fastsett i artikkel 23 nr. 2 i EMAS-forordninga. Det gjer det òg mogleg for det leiande rette organet å kontrollere om NACE-kodane til kontrollørane som det gjeld, omfattar kodane til den aktuelle organisasjonen.
- 5.4.5. Kontrollørar som ønskjer å drive verksemd i tredjestatar, må ha ei særskild akkreditering eller ein særskild lisens for den aktuelle staten, i tillegg til den allmenne akkrediteringa eller lisensen, i samsvar med spesifikasjonane som er fastsette i EMAS-forordninga. Dette vil seie at dei må ha følgjande:
- a) ei særskild akkreditering eller ein særskild lisens for dei NACE-kodane som gjeld for den aktuelle organisasjonen,
 - b) kunnskap om og forståing av dei lovene og forskriftene som gjeld for miljøet, i tredjestaten det vert søkt om akkreditering eller lisens for,
 - c) kunnskap om og forståing av det offisielle språket i tredjestaten det vert søkt om akkreditering eller lisens for.

- 5.4.6. Kontrollørane skal – som ein del av framgangsmåten for kontroll – kontrollere alle miljølisenar eller -løyve som gjeld for organisasjonen, eller alle andre former for prov i samsvar med rettskipnaden i dei statane som er omfatta av søknaden.
- 5.4.7. I tredjestatar skal kontrolløren, i tillegg til dei vanlege oppgåvene sine, utføre ein grundig kontroll av organisasjonen og områda hans som er omfatta av registreringsprosessen, med omsyn til etterlevinga deira av regelverket. Kontrollørane skal såleis, med særleg omsyn til innhaldet i artikkel 13 nr. 2 bokstav c) i EMAS-forordninga, kontrollere at det ikkje finst prov på manglande etterleving av miljøregelverket. Kontrollørane bør nytte konklusjonane til tilsynsstyresmaktene, og bør difor kontakte desse styresmaktene for å få nærmare opplysningar om etterlevinga av regelverket. Kontrollørane må kontrollere om han/ho er nøgd på grunnlag av den dokumentasjonen som er motteken, t.d. i form av ein skriftleg rapport frå den rette tilsynsstyresmakta. Dersom det ikkje er funne prov på manglande etterleving av regelverket, skal dette stadfestast i miljøkontrolløren si fråsegn om kontroll- og godkjenningsverksemd (vedlegg VII til EMAS-forordninga). Denne fråsegna skal underskrivast av kontrolløren. Kontrolløren pliktar å kontrollere om krava i EMAS-forordninga er oppfylte ved bruk av vanlege revisjonsmetodar. For å sikre at registreringa av tredjestatsområde held same kvalitetsnivå som registreringa av område i EU, kan kontrolløren vurdere å utføre ei risikovurdering.
- 5.4.8. I samsvar med artikkel 13 nr. 2 bokstav d) i EMAS-forordninga bør kontrolløren kontrollere om det ligg føre relevante klager frå partar som det gjeld, eller om klager er vortne tekne til følgje med positivt resultat.
- 5.4.9. Dei medlemsstatane som utfører tredjestatsregistrering (og dermed òg global registrering), skal vurdere om det bør innførast tiltak for å styrkje akkrediteringsprosessen for å sikre at kontrollørar med akkreditering for særskilte tredjestatar er kvalifiserte til å kontrollere at organisasjonen oppfyller krava i den gjeldande nasjonale lovgevinga i tredjestaten.
- 5.4.10. Medlemsstatar som utfører global registrering, kan vurdere om det bør innførast særlege føresegnar som er valfrie, for å styrkje kontrollen med etterlevinga av regelverket og sikre at registreringsprosessen held tilsvarande nivå som i EU. Medlemsstatane kan særleg vurdere om dei skal inngå avtaler (bilateral avtale, programfråsegn osv.). Slike avtaler kan omfatte ein framgangsmåte for å sikre kommunikasjonen mellom dei høvesvise tilsynsstyresmaktene i tredjestaten og i medlemsstaten når det gjeld etterleving av regelverket, og for korleis brot på gjeldande lovfesta krav kan meldast til det rette organet i medlemsstaten i tidsrommet mellom den innleiande registreringa eller fornyinga og neste fornying.
- 5.4.11. Minst seks veker før kvar kontroll eller godkjenning i ein tredjestat skal miljøkontrolløren sende over opplysningar om akkrediteringa eller lisensen sin og om tidspunkt og stad for kontrollen eller godkjenninga, til det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten der den aktuelle organisasjonen aktar å søkje om registrering eller er registrert. I tillegg må kontrolløren eller kontrollørane sende over opplysningar om akkrediteringa eller lisensen sin til alle akkrediterings- eller lisensutferdingsorgan i medlemsstatane der dei aktuelle områda finst.
- 5.4.12. Dersom ein kontrollør påviser manglande etterleving av regelverket på registreringstidspunktet, skal han/ho verken skrive under på EMAS-miljøfråsegna eller den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9 i forordninga.
- 5.4.13. Dersom ein kontrollør oppdagar eit tilfelle av manglande etterleving i tidsrommet då registreringane er gyldige eller skal fornyast, kan han/ho melde frå til det rette organet at den organisasjonen som det gjeld, ikkje lenger oppfyller EMAS-krava. På tidspunktet for fornying kan han/ho skrive under på den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9, og på den ajourførte EMAS-miljøfråsegna, berre dersom organisasjonen kan dokumentere at han har gjort eigna tiltak (dvs. i samarbeid med tilsynsstyresmaktene) for å sikre at regelverket igjen vert etterlevd. Dersom organisasjonen ikkje kan påvise overfor kontrolløren at det er gjort tilstrekkelege tiltak for å sikre at regelverket igjen vert etterlevd, skal kontrolløren ikkje godkjenne den ajourførte fråsegna, og heller ikkje skrive under på EMAS-miljøfråsegna.
- 5.5. **Registreringsprosessen**
- 5.5.1. Organisasjonen bør på eit tidleg stadium ta kontakt med kontrolløren eller kontrollørane og det rette organet for å avklare spørsmål når det gjeld dei dokumenta som er naudsynte for registreringa, og samstundes ta omsyn til krava i artikkel 5 nr. 3 og del D i vedlegg IV til EMAS-forordninga.
- 5.5.2. Organisasjonen skal leggje fram faktiske prov på at dei lovfesta krava vert etterlevde, slik det er gjort greie for i avsnitt 5.1.3.
- 5.5.3. Etter å ha oppfylt EMAS-krava, særleg dei som gjeld for registreringsprosessen som er oppført i vedlegg II til forordninga, og etter å ha fått EMAS-miljøfråsegna godkjent av ein kontrollør med akkreditering eller lisens, skal organisasjonen sende søknadsskjemaet og dei tilhøyrande dokumenta, medrekna vedlegg VI og VII, til registrering hjå det rette (leiande) organet.

- 5.5.4. Det rette organet som er ansvarleg for registreringa, skal kontrollere opplysningane i søknaden, og for dette føremålet melde frå til det nasjonale akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet og eventuelt til dei andre rette organa det gjeld. Dersom det er naudsynt, kan den ansvarlege kontrolløren òg ta del i ei slik meldingsutveksling. Vanleg post, e-post eller telefaks kan nyttast, men det bør ligge føre skriftleg dokumentasjon på denne meldingsutvekslinga.
- 5.5.5. Akkrediterings- og lisensutferdingsorganata i alle dei aktuelle medlemsstatane skal vurdere kompetansen til miljøkontrolløren på grunnlag av dei faktorane som er fastsette i artikkel 20, 21 og 22 i EMAS-forordninga. Dersom kompetansen til kontrolløren ikkje er godkjend, kan akkrediterings- og lisensutferdingsorganet krevje at kontrolløren skal oppfylle dei relevante krava, og melde frå til det nasjonale rette organet om problemet. Det rette organet skal på si side under alle omstende gje akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet ei enkel melding om at ein søknad om registrering er motteken, og at det finst område som skal registrerast. Når akkrediterings- og lisensutferdingsorganet har motteke ei slik melding, bør dei melde frå til det nasjonale rette organet om kva dei har funne ut om den eller dei aktuelle kontrollørane. Alle nasjonale rette organ det gjeld, skal melde frå om dette til det leiande rette organet. Dette gjer det lettare for dei rette organa og det leiande rette organet å ta ein endeleg kontroll for å fastslå om kontrolløren eller kontrollørane som tek del i framgangsmåten for registrering, har akkreditering eller lisens for alle NACE-kodar som er relevante i registreringsprosessen. Utan eit slikt minstemål av kommunikasjon mellom dei rette organa og akkrediterings- og lisensutferdingsorganata kan tilsynsverksemda verte undergraven.
- 5.5.6. Det rette organet som er ansvarleg for registreringa, skal samordne kontrollen med etterlevinga av regelverket, på grunnlag av opplysningar som organisasjonen har sendt over til kontrolløren. Berre i tilfelle der ein medlemsstat har gjort særlege avtaler med tredjestatar, som omfattar føresegner som gjer det mogleg for medlemsstaten å kontakte tilsynsstyresmakter i tredjestatane, kan medlemsstaten kontrollere direkte med tilsynsstyresmakten i tredjestatane at regelverket vert etterlevd. Dersom dette ikkje er tilfellet, må det rette organet skaffe fram faktiske prov eller dokumentasjon på at dei gjeldande lovfesta krava vert oppfylte, frå kontrolløren og/eller organisasjonen.
- 5.5.7. Etter at det eventuelt er teke avgjerd om registrering, skal det leiande rette organet melde frå til alle dei nasjonale rette organata det gjeld, og desse skal melde frå til dei høvesvise tilsynsstyresmakten sine.
- 5.5.8. Dersom det er fleire rette organ som er omfatta av ein framgangsmåte for registrering, skal vilkåra om gebyr nyttast, slik det er gjort greie for i avsnitt 3.4.
- 5.6. Mellombels og endeleg stryking av registreringar**
- 5.6.1. Det rette organet skal følgje dei allmenne reglane som er fastsette i EMAS-forordninga med omsyn til mellombels og endeleg stryking.
- 5.6.2. Alle klager som gjeld den registrerte organisasjonen, skal meldast til det rette organet.
- 5.6.3. Organisasjonar frå tredjestatar som søkjer om EMAS-registrering og er villige til å innleie ein framgangsmåte for registrering, må godta at kontrolløren kan verte beden av dei rette organata om å kontrollere om det kan ligge føre grunnar til mellombels eller endeleg stryking i tredjestaten der områda finst, før det vert teke avgjerd. Organisasjonen skal samarbeide og gje kontrolløren eller det rette organet svar på alle spørsmål om moglege grunnar til ei mellombels eller endeleg stryking. Organisasjonen må òg vere villig til å bere kostnadene i samband med det arbeidet som kontrollørane gjer for å klargjere situasjonen.
- 5.6.4. Kontrolløren skal, i alle situasjonar, jamvel når det finst slike avtaler, vere ansvarleg for å kontrollere at dei lovfesta krava vert etterlevde. Eventuelle klager og manglande etterleving av krava som kan føre til endeleg eller mellombels stryking av registreringa, må takast med når slik etterleving vert kontrollert.
- 5.6.5. Ikkje-statlege organisasjonar som driv verksemd i tredjestaten, kan rådspørjast og nyttast som informasjonskjelde. Kontrolløren skal under alle omstende sende over til det rette organet eventuelle relevante opplysningar som vert innhenta under kontrollprosessen.
- 5.7. Språkspørsmål**
- 5.7.1. EMAS-miljøfråsegna og andre relevante dokument skal sendast over på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til medlemsstaten der det leiande rette organet høyrer heime (artikkel 5 nr. 3). Dersom ein organisasjon legg fram ei samla miljøfråsegn med opplysningar om einskilde område, bør opplysningane om område i EU òg finnast på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til medlemsstatane der områda finst, og opplysningane om område i tredjestatar bør helst finnast på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til dei aktuelle tredjestatane.